

### Saksgang

Utv.	saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		15.10.2020

### Dagsturhytta. Søknad om bruk av arkitektteikningar i andre fylke.

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering meiner et det er bra at Dagsturhytte-prosjektet vert spreidd til andre delar av landet, og opnar for at andre fylkeskommunar kan få bruke teikningar til dagsturhytta.
2. Kvar fylkeskommune må betale kr 300 000 for denne retten, som vil dekke ein part av kostnadane for opphavlege teikningar og oppdateringar undervegs. Desse midlane skal nyttast i Dagsturhytteprosjektet i Vestland fylke.

### Samandrag

Dagsturhytta-konseptet har som mål å fremje meir fysisk aktivitet blant innbyggjarane og styrke moglegheiter for gode friluftsliv-opplevelingar i nærleiken av der folk bur og oppheld seg. Så langt er det etablert 26 dagsturhytter i Sogn og Fjordane og 3 i Hordaland og innan 2022 er det etablert 54 i Vestland fylke.

Teikningane frå Rojo arkitekter i Trondheim er eigd av Vestland fylkeskommune og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Ved førespurnad om bruk av teikningar, skal begge partar kome fram til ei felles avgjerd. 24. mars 2020 fekk Vestland fylkeskommune førespurnad frå Rogaland fylkeskommune om bruk av teikningane til dagsturhyttene. 20. april 2020 fekk dei løyve til å nytte teikningar med grunngjeving at dagsturhytta kunne bli ein identitetsmarkør for heile Vestlandet. Vilkåret var at Rogaland fylkeskommune betalte kr 300.000 for å dekke ein part av kostnadane for teikningar og oppdateringar undervegs.

Innlandet fylkeskommune ber i brev av 29.9.20 om ei avklaring om dei kan få kjøpe rettane til å bruke teikningane til dagsturhytta. Styret i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vedtok på styremøte 29.09 at dei i utgangspunktet er positiv til førespurnaden frå Innlandet (og evt. andre fylke), men at stiftinga vil lytte til, og rette seg etter avgjerd i Vestland fylkeskommune.

Andre fylkeskommunar har og vist uformell interesse for å nytte designet til dagsturhyttene i Vestland og såleis ønsker fylkesdirektøren ei prinsipiell avklaring i saka. Spørsmålet er om designet på dagsturhyttene skal vere ein identitetsmarkør berre for kommunane i Vestland (inkl. Rogaland og ev. Møre og Romsdal) eller om det skal opnast for at også fylkeskommunar i andre delar av landet skal kunne bruke teikningane.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld  
seksjonssjef idrett og friluftsliv

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Dagsturhytte-konseptet har som mål å styrke identitet i kvar kommune, vere ein sosial møteplass og å få fleire ut på tur. I løpet av vel 2,5 år er det registrert over 350 000 besøk på dagsturhyttene i tidlegare Sogn og Fjordane. I utgangspunktet var dette meint å vere ein identitetsmarkør for Sogn og Fjordane, men det var naturleg å gje løyve til Hordaland fylkeskommune sin førespurnad i 2019 når fylkeskommunane skulle siåast saman frå 2020.

Dagsturhyttene har vore ein suksess for folkehelsa, marknadsføring av Sogn og Fjordane, og no også Vestland. Eit av dei sterkeste argumenta for å gje løyve til at Rogaland fekk bruke teikningane til dagsturhyttene, var å skape dette som eit felles-ikon for Vestlandet ettersom også kommunar, friluftsråd og fylkeskommunen i Møre og Romsdal har vist interesse for konseptet. Dette kan vere med på å styrke lokalt reiseliv på Vestlandet gjennom å styrke friluftsliv i nærmiljøet. I Sogn og Fjordane vart det på kort tid svært populært å besøke fleire dagsturhytter.

Finansieringsmodellen med offentleg-privat samarbeid, er gjort kjend for finansieringskjelder i regi av nettverket til Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. 8 av 11 fylkeskommunar vist interesse og bedt om meir informasjon om dagsturhyttene. Dette utfordrar både Vestland fylkeskommune og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane på å ta ei prinsipiell avgjerd om bruk av designet.

### Vurderingar og verknader

Det er både fordelar og ulemper ved å gje løyve til at designet kan nyttast i andre delar av landet. Ideen om dagsturhytta som ein samlande Vestlands-identitet kan bli utvatna. På den andre sida kan det bli ei ytterlegare forsterking og marknadsføre Vestland på ein svært positiv måte. Ideen bak designet baserer seg på takstol-konstruksjon prinsipp og er forma som eit fjell med sitjeplassar både i ly under tak-utstikka og under open himmel på tribuner på begge sider av konstruksjonen. Såleis er også sjølv designet eit uttrykk for landskapet i området vårt. Det er det klare formålet med hyttene at dei skal gje ly for ver og vind på Vestlandet der naturen skiftar brått slik som landskapet gjer.

Dagsturhytta har fått mykje merksemad gjennom media både lokalt, regionalt og nasjonalt. Hyttene har vorte eit populært lavterskelttilbod med gode kvalitetar og stor overføringsverdi. Det har såleis vore stor interesse og engasjement rundt etableringane både i kommunane, og no også for vidareføring utover vestlandet.

Fylkesdirektøren meiner at dei positive effektane, mellom anna marknadsføringa av Vestland fylkeskommune, gjer at ein bør sjå med glede på at andre tek i bruk konseptet.

Eit av suksesskriteria i dette konseptet, er eigarskapen til «anlegget». Hyttene skal vere eigd av kommunane, der dei kan etablere ein tilsynsavtale med lag og organisasjonar som idrettslag, grendalag, turlag eller grunneigarar. Det er likevel viktig å sjå dette som ein type prosjekt som berre kan lukkast med regional tilrettelegging. Det bør slik berre vere fylkeskommunar som vert gjeven denne retten til på nytte konseptet m/ teikningar.

Det må ikkje opnast opp for at private aktørar kan få tilgang til designet og såleis gje slepp på eit viktig kriterium om eigarskap. Finansieringsmodellen baserer seg på offentleg-privat samarbeid mellom fylkeskommune, kommune og private finansieringskjelder. Dette i tillegg til at spelemidlar til idrett og fysisk aktivitet, sikrar at nettokostnaden for å etablerer dagsturhytte vert låg for kommunane. Dette kan bidra til å styrke folkehelsa i andre stader av landet, reduserer sosiale skilnader og styrker dagsturhyttekonseptet.

Vestland fylkeskommune oppmodar om å bli involvert før anbodsutlysing og godkjenning av testhytte for å hindre at endringar vert gjort undervegs med det opprinnelege designet.

### Vedtakskompetanse

Utval for kultur, idrett og integrering

**Økonomi:** Vestland fylkeskommune vil få inntekter av å gje løyve til andre fylkeskommunar om bruk av designet. Desse kan nyttast til å utvikle dagsturhytte - konseptet. Eit døme på dette er at midlane frå Rogaland fylkeskommune blir nytta til å skilte stiane til dagsturhyttene i Hordaland.

**Klima:** Fylkesdirektør kan ikkje sjå at ordninga har monaleg klimaavtrykk.

**Folkehelse:** Regional plan for folkehelse 2114 - 2025 - fleire gode leveår for alle: God tilrettelegging for friluftsliv i nærmiljøet har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Bidreg til å realisere Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025. Dagsturhytter er eit tiltak i anleggspolitikk for Vestland 2020-2024.

#### **Konklusjon**

Fylkesdirektør tilrår at andre fylkeskommuniar kan få nytte Dagsturhytte-konseptet. Dette er god marknadsføring av Vestland fylkeskommune som innovatør i anleggsutviklinga. I tillegg kan det bidra til å styrke folkehelsa andre stader av landet, redusere sosiale skilnader og styrke dagsturhyttekonseptet.

Ved bruk av designet av dagsturhyttene, vil Vestland fylkeskommune oppmøde gjeldande fylkeskommune om å bli involvert før anbodsutlysing og ved godkjenning av testhytte.